

Fra: Siri Merete Nedland [Siri.Nedland@sfj.no]
Sendt: 26. mars 2015 14:24
Til: Postmottak KD
Kopi: Skinderhaug Inger Marie
Emne: Høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til NOU:2014:14
Fagskolen - et attraktivt utdanningsvalg
Vedlegg: 15025516.PDF

Vi viser til avtale med Inger-Marie Skinderhaug om å kunne sende fråsegna frå Sogn og Fjordane fylkeskommune etter fristen. Dette skuldast at fylkesutvalet ikkje handsama saka før i dag, 26.3.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjorde i sak 31/2015 slikt vedtak:

1. Fagskulen i Sogn og Fjordane er ein svært viktig ressurs for fylket, og Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer å vidareutvikle dette tilbodet. Ein sluttar seg difor til lista over kvalitetsfremjande tiltak slik dei går fram av NOU 2014:14.

2. Organisering og finansiering av Fagskulen må sjåast i samanheng med kommune- og regionreforma. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner ansvaret for fagskuleutdanninga bør ligge på eit regionalt nivå. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør ikkje konklusjonen i NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg om å overføre eigarskap og finansieringsansvar for fagskuleutdanninga til staten.

3. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør ikkje framlegget i NOU 2014:14 om å redusere tal fagskular i landet til 5-9.

Fylkesrådmannen si saksutgreiing følgjer som vedlegg.

Vi gjer merksam på at vedtaket i fylkesutvalet i utforming og ordlyd ikkje er heilt identisk med fylkesrådmannen si tilråding.

Med helsing

Siri Merete Nedland

seniorrådgjevar, opplæringsavdelinga

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

www.sfj.no | Siri.Nedland@sfj.no

sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 97030893

Saksbehandlar: Siri Merete Nedland, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 14/8402-3

Fråsegn til NOU 2014: 14 Fagskulen - et attraktivt utdanningsvalg

Fylkesrådmannen rår hovudutval for opplæring og hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør ikkje konklusjonen i NOU 2014:14 *Fagskulen – et attraktivt utdanningsvalg* om å overføre eigarskap og finansieringsansvar for fagskuleutdanninga til staten.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune stør ikkje framlegget i NOU 2014:14 om å redusere tal fagskular i landet til 5-9.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til lista over kvalitetsfremjande tiltak slik dei går fram av NOU 2014:14.

Vedlegg: 5

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Regjeringa Stoltenberg II oppnemnde ved kongeleg resolusjon 23.august 2013 eit utval for å greie ut framtida til norsk fagskuleutdanning. Utvalet har kartlagt fagskulane sin status, kvalitet, kopling til kompetansebehov i arbeidslivet og samspelet med høgare utdanning, i tillegg til å greie ut og foreslå alternative finansieringsmodellar. Leiar for utvalet har vore Jan Grund.

Utvalet la fram si innstilling, [NOU 2014: 14 Fagskulen - et attraktivt utdanningsvalg](#) 15.desember 2014.

I rapporten stiller utvalet ein «diagnose» på fagskulesektoren, med hovudvekt på følgjande:

«Fagskuleutdanning har en stor betydning for Norges velferd og verdiskapning. Dessverre har verken arbeidslivet eller det politiske Norge fram til nå klart å håndtere fagskulesektoren som et viktig politisk felt, og den mangelen på politisk oppmerksomhet har sektoren lidd under. Det er bakgrunnen for at utvalget ser et uforløst potensial i fagskulen.»

Fagskolen har en særlig styrke ved at utdanningstilbudet drives og utvikles i nært samarbeid med arbeidslivet. Det gir gode muligheter for å skreddersy til løpende behov for yrkesrettet kompetanse i arbeidslivet. Utdanningstilbudet er fleksibelt ved at en betydelig del av tilbudet er fjernundervisning og på deltid. Fagskolen fungerer både som en selvstendig utdanningsvei og som et videreutdanningstilbud. Fagskolesektoren spiller en sentral rolle for både rekruttering til og faglig utvikling i blant annet helsesektoren, sjøfarten og industrien. Høykompetente selvstendige fagarbeidere er blitt et konkurransefortrinn i kunnskapssamfunnet. Økte krav til omstillinger og etter- og videreutdanning, gjør at fagskolens særegne trekk kommer mer til sin rett.

Trepartssamarbeidet om fag- og yrkesopplæringen gir et godt utgangspunkt for å tilpasse fagskolen til nye utfordringer.

Det finnes veldig mye god fagskoleutdanning i Norge, men det er fortsatt rom for å bli bedre. I flere sektorer og bransjer er det stor etterspørsel etter fagskolekandidater, mens andre deler av arbeidsmarkedet fortsatt ikke har fått øynene opp for den kompetansen fagskolene tilbyr. Målet er en samlet fagskolesektor som er effektiv, tilbyr utdanning med kvalitet og relevans og som har en hensiktsmessig arbeidsdeling, både internt og sett i sammenheng med de øvrige delene av utdanningssystemet. Et løft for fagskolen i tråd med det målet må komme gjennom de tre helt sentrale aktørene som alle har roller og forpliktelser som må følges opp. De tre aktørene er myndighetene, arbeidslivet og fagskolene. I dag ser vi en sektor som ikke er utviklet etter en langsiktig strategisk tenkning, en sektor som blant annet har en uheldig styringslinje, med et uhensiktsmessig finansieringssystem og en struktur som ikke er ideell med tanke på kvalitet. Sektorens hovedutfordringer må løses gjennom koordinert innsats fra de tre aktørene, og utfordringene er som følger:

- *Fagskolens uklare plass og svake status i det norske utdanningssystemet*
- *Arbeidslivets manglende eierskap til fagskolen*
- *Behov for å styrke kvaliteten i fagskoleutdanningene*
- *Uhensiktsmessig og for svak styring av fagskolesektoren, herunder uhensiktsmessig struktur.*
- *Utilstrekkelig finansiering gjennom et utilfredsstillende finansieringssystem»*

Hovudkonklusjonen er vidare å føre over eigarskapen og finansieringsansvaret for offentlege fagskular frå fylkeskommunane til staten.

Utvalet meiner vidare at det bør vere eit statleg ansvar å dimensjonere fagskulesektoren (tal fagskular og studieplassar), for å bidra til ei meir kostnadseffektiv drift og skape rom for vidare utvikling av utdanningstilbod. Talet på offentlege fagskular bør etter utvalet si vurdering reduserast til mellom 5 og 9.

Grund-utvalet foreslår med utgangspunkt i desse hovudutfordringane til saman 49 tiltak, retta mot myndigheitene, fagskulane og arbeidslivet. Eit samla oversyn over tiltaka følgjer som vedlegg 1 til saka. (Sjå også kap. 11.10, side 127-30 i rapporten.)

Kunnskapsdepartementet sende innstillinga på høyring 22.12.14, med høyringsfrist 25.03.2015. Høyringa er opa. Fylkesdirektøren for opplæring har informert dei vidaregåande skulane, Ungdomspolitisk utval og Elevorganisasjonen Sogn og Fjordane om høyringa særskilt.

Fråsegna frå Ungdomspolitisk utval følgjer som vedlegg 2.

Styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane har vedteke eiga fråsegn til NOU 2014:14. Denne følgjer som vedlegg 4 og 5. Etter fagskulelova §3 er styret det øvste ansvarlege styringsorganet for fagskulen. Styret rapporterer til fylkestinget, som representant for skuleeigar. Fylkestinget fastset dei overordna rammene for styret sitt arbeid gjennom vedtektene og økonomiske rammer i årsbudsjett og økonomiplan. Også saker av overordna karakter skal avgjerast av fylkestinget, jf.

saksutgreiinga i sak 13/14 til fylkestinget. Fylkesrådmannen ser det likevel som uproblematisk at styret leverer eiga fråsegn i denne saka.

KS sitt hovudstyre handsama NOU 2014:14 som sak 7/15 i møtet 19.02.2015. Saksutgreiing og vedtak følgjer som vedlegg 3.

2. Innleiing


Om fagskuleutdanning generelt

I samband med forvaltningsreforma i 2010 vart fagskulelova endra slik at drifts- og finansieringsansvaret for fagskulane fullt ut vart overført til fylkeskommunane. Ansvar til fylkeskommunane kjem slik til uttrykk i §1a i fagskulelova:

«Fylkeskommunen skal sørge for at det tilbys godkjent fagskuleutdanning som tar hensyn til lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov innenfor prioriterte samfunnsområder.»

Fagskuleutdanningane er yrkesretta utdanningar som byggjer på vidaregåande opplæring eller tilsvarende realkompetanse. Omfanget er på minimum eit halvt år og maksimum to heile studieår. Etter [Lov om fagskuleutdanning](#) §1 skal fagskulane «tilby utdanning av høg kvalitet og gje studentane tilfredsstillande vilkår.»

Alle fagskular skal etter §3 i fagskulelova ha eit styre. Styret er å sjå på som tilbydar, og er ansvarleg overfor NOKUT (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen). Styret har det øvste ansvaret for at studentane får ei utdanning i samsvar med godkjenninga, at vilkåra for statlege tilskot vert følgde og for at verksemda elles vert driven i samsvar med gjeldande lover og reglar.



NOU 2014:14 Figur 7.2 Det norske utdanningssystemet slik Grund-utvalet ser det.

Fagskuleutdanninga skal drivast og utviklast i eit nært samarbeid med eit arbeidsliv i stadig endring. Fagskulen kan gjennom sine fleksible og relativt korte utdanningar løyse kompetansebehov og kompetanseutfordringar rimeleg raskt.

NHO sitt kompetansebarometer for 2014 viser at nesten ein femtedel av bedrifteneⁱ i Noreg har eit stort behov for å rekruttere personar med utdanning på fagskulenivå. Dei tre største fagområda for fagskuleutdanninga, med til saman 75% av studentmassen, er tekniske og naturvitskaplege fag, helse- og sosialfag og humanistiske og estetiske fag.

SSB har i si framskriving av kompetansebehovet i Noreg fram mot 2030ⁱⁱ konkludert med at det vil verte store skilnader mellom tilbod og etterspørsel spesielt når det gjeld yrkesretta utdanningar. Etter SSB sine analysar vil etterspurnaden etter teknisk fagskuleutdanning gje fagskulane ei viktig rolle.

ⁱ 25% av verksemdene i norsk arbeidsliv

ⁱⁱ Cappelen, Gjefsen, Gjelsvik, Holm og Stølen 2013

NOKUT har ansvaret for å godkjenne fagskuletilbod, endringar i tilbod, godkjenne system for kvalitetssikring og å føre tilsyn med utdanninga.

Ved utgangen av 2013 var det til saman 111 fagskular i Noreg, med til saman 16 420 studentar. 46 av skulane var offentlege. Studenttala for dei siste åra viser ein auke. Det er flest menn blant studentane, og utdanningsvala er svært kjønnsdelte. Aldersspreiinga er stor, men med hovudtyngda i alderen mellom 21-30 år. I 2013 gjekk ca. 10% av avgangstudentane vidare til høgskule eller universitet.

Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning, NIFU, har på oppdrag frå Grund-utvalet analysert fylkeskommunane si tilrettelegging for fagskuletilbod og kostnader ved fagskuledrift. [NIFU-rapport 14/15ⁱⁱⁱ](#) viser at fylkeskommunane i svært liten grad har teke ei aktiv rolle som forvaltar av fagskuletilboda. Utviklinga etter forvaltningsreforma ber preg av at fylkeskommunane i hovudsak har halde fram drifta slik dei alltid har gjort, med å finansiere fagskuletilboda dei sjølv eig og driv. Rapporten viser elles at det overordna kostnadsbiletet er at fylkeskommunane totalt sett brukar meir pengar på fagskular enn det dei får overført frå staten som rammetilskot. NIFU konkluderer med at dagens finansieringssystem konserverer dagens fagskuletilbod, og meiner det er uheldig for ein sektor som bør vere dynamisk og tilpassingsdyktig.

Fagskulen i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane fylkeskommune har etter forvaltningsreforma i 2010 valt å tilby fagskuleutdanning i eigen regi. Det inneber at fylkeskommunen har ansvaret for drifta av fagskuleutdanninga på same måte som for dei vidaregåande skulane i fylket. Dei fleste fylkeskommunane har valt denne modellen.

Fagskulen i Sogn og Fjordane har sidan 01.08.2009 vore éin skule, med ei avdeling i Måløy og ei i Førde, leia av felles styre og felles rektor. (Sak 40/08 i fylkestinget).

Avdelinga i Måløy tilbyr 2-årig dekk- og maskinoffisersutdanning, som gir fagkompetanse som dekksoffiser (styrmann) eller maskinoffiser (maskinist). Studiet er godkjend av Sjøfartsdirektoratet og sertifisert av Det Norske Veritas. Avdelinga i Førde tilbyr utdanning innanfor tekniske fag, med fagretningane bygg og anlegg, teknikk og industriell produksjon og elektro.

Begge avdelingane er i stor grad kurscenter for offentleg og privat næringsliv.

Fylkestinget handsama i sak 13/14 avklaring av ansvar og mynde, økonomiske rammer og bygningsmessige tilhøve for fagskulen i Sogn og Fjordane.

Rekneskapsresultatet for Fagskulen i Sogn og Fjordane viser ein kostnad per heiltidsstudent på 0,141 mill. kr i 2012 og 0,152 mill. kr i 2013. Kostra-tala for 2013 viser ein gjennomsnittleg kostnad på 0,072 mill. kr per student for dei offentlege fagskulane i landet.

Hovudårsaka til at Fagskulen i Sogn og Fjordane ligg betydeleg over landssnittet er at skulen har eit lågt studenttal og at skulen i hovudsak har stadbaserte tilbod. Det er likevel vanskeleg å samanlikne kostnadstala for fagskuletilboda mellom fylkeskommunane.

Finansieringa av fagskulane har dei siste åra endra seg frå 60 % statleg og 40 % fylkeskommunal finansiering i 2010, til 45 % statleg og 55 % fylkeskommunal finansiering i 2014.

ⁱⁱⁱ Lekve, Moen og Relling: Fylkeskommunene og fagskolen: tilrettelegging for fagskuletilbud og kostnader ved fagskuledrift

Tabellen under viser samla løyving til fagskuleutdanninga i perioden 2010-2014:

År	Statleg tilskot, særskilt fordeling i rammetilskotet	Fylkes-kommunale driftsmidlar	Samla løyving
2010	11,809	7,785	19,594
2011	11,351	8,352	19,703
2012	11,076	8,721	19,797
2013	12,113	9,554	21,667
2014	9,976	12,320	22,296

For meir informasjon om dei økonomiske vilkåra for fagskuleutdanninga viser fylkesrådmannen også til sak 13/14 til fylkestinget.

3. NOU 2014:14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg. Oppsummering, framlegg og tilrådingar


Grund-utvalet sin hovudkonklusjon er som tidlegare nemnt at eigarskap og finansieringsansvar må overførast til staten, og at tal offentlege fagskular må reduserast til 5-9.

Av mandatet til utvalet går det tydeleg fram at finansieringssystemet for fagskuleutdanninga skal endrast. Utgreiingane til utvalet byggjer på denne føresetnaden.

Utvalet understrekar at det er eit tydeleg behov for ei omfattande fagskulereform, og at ein ny og heilskapleg fagskulepolitikk, nært kopla til den samla utdanningspolitikken, må innehalde tydelege og målretta tiltak retta mot dei tre hovudaktørane: fagskulane, arbeidslivet og staten. Vidare meiner utvalet at dersom fagskolen skal få ei naudsynt og tiltrengd styrking og statusheving, må den definerast ut frå seg sjølv og eigne kvalitetar. Tiltaka utvalet presenterer må sjåast som ein tiltakspakke. Ved å berre gjennomføre einskildtiltak, lausrivne frå heilskapen, vil dagens fragmenterte og pragmatiske fagskulepolitikk etter utvalet si vurdering vidareførast.

Grund-utvalet meiner at utviklingstrekka i samfunnet underbyggjer ei prioritert satsing på fagskuleutdanning for å møte framtidige kompetansebehov, både i offentlig og privat sektor. Det er viktig å ha ein struktur i utdanningssystemet som kan bidra til å oppretthalde og vidareutvikle busetnaden i heile landet, blant anna gjennom fleksible og nettstøtta tilbod. Fagskuleutdanninga har ein solid posisjon innanfor mange bransjar, sektorar og næringar, og utvalet meiner at det også er eit stort potensiale for å utvikle nye vidareutdanningstilbod under fagskuleparaplyen, ikkje minst innanfor helse- og omsorgssektoren.

Utvalet omtalar tre hovudaktørar på overordna nivå i fagskulesektoren: fagskulane, staten og arbeidslivet. Utvalet meiner at fagskulane sjølve har eit ansvar for å gjere seg sjølv meir slagkraftig og synleg som tilbydar av utdanning, gjennom høgare kvalitet og betre tilpassing til behova i arbeidslivet. Vidare peikar utvalet på at staten bør endre styringa si og at partane i arbeidslivet må ta større ansvar i utviklinga av fagskuleutdanninga.



NOU 2014:14 Figur 7.3 Grundt-utvalet sitt framlegg til ny styrings-, dimensjonerings- og finansieringsstruktur.

Det er utvalet si vurdering at dei midlane som i dag vert fordelte til fagskulane gjennom tre finansieringsordningar bør samlast under ei ny og heilskapleg finansiering. I ei ny finansieringsordning bør ei statleg dimensjonering av tal studieplassar i fagskulesektoren, med ei opptaksramme og tildeling av studiepassar, liggje. Dette inneber at midlane som i dag vert tildelte over budsjetta til andre departement enn Kunnskapsdepartementet bør samlast i eitt felles system for statleg finansiering av fagskulesektoren. Ved å etablere ein eigen programkategori for fagskuleutdanning i statsbudsjettet får ein ei større synleggjing av fagskulen, samstundes som det vert etablert eit stødig underlag for sektoren.

Utvalet foreslår at dei offentlege fagskulane bør organiserast på same måte som statlege universitet og høgskular, og meiner at ei samla styring og dimensjonering av universitet, høgskular og fagskular vil bidra til ei heilskapleg styring av den tertiære utdanninga. Dette må sjåast i samanheng med både rapporten om finansiering av universitet og høgskular, [Finansiering for kvalitet, mangfold og samspill](#) frå ei ekspertgruppe leia av Torbjørn Hægeland, (lagt fram 7.1.2014) og den varsla stortingsmeldinga om strukturen i høgare utdanning.

Utvalet presenterer i rapporten tre ulike modellar for ny finansieringsordning, som alle byggjer på prinsipp som resultatbasert finansiering og differensiert finansiering etter kostnadskategoriar. Det er gjort greie for modellane på side 122 i rapporten.

Utvalet går for det som er kalla modell 3, som inneber at fagskulane får tilskot etter tre komponentar, grunntilskot, tal kandidatar som går ut av fagskulen og utviklingsmidlar. Med utviklingsmidlar er meint utstyr, infrastruktur, kvalitetshevande tiltak og utvikling av nye tilbod. Etter utvalet si vurdering kan modellen med enkle grep tilpassast endringar i etterspurnad og tilbod.

Utvalet konkluderer med at fagskulane har eit uforløyst potensiale, og at det difor er behov for ei gjennomgripande fagskulereform. Dette må skje gjennom utforming av ein samla, ny og heilskapleg utdanningspolitikk for heile det tertiære nivået.

4. Økonomiske, juridiske og administrative konsekvensar av utvalet sine tilrådingar

Grund-utvalet foreslår mange tiltak som har store økonomiske, juridiske og administrative konsekvensar. Utvalet har likevel ikkje hatt kapasitet til å greie ut alle framlegga så detaljert som ønskt. Utvalet føreset at Kunnskapsdepartementet følgjer opp dette før avgjerd og eventuell implementering av tiltaka.

Fylkeskommunane eig i dag dei offentlege fagskulane, med nokre få unntak. Det inneber at fylkeskommunane også eig bygningsmassen og infrastrukturen (inventar og utstyr). Det er Grund-utvalet si tilråding at departementet i samråd med fylkeskommunane finn praktiske løysingar, enten ved å overta (kjøpe) bygga eller leige lokala, dersom ansvaret for fagskuleutdanninga vert overført til staten.

Grund-utvalet meiner det uansett er naudsynt å styrke kunnskapsgrunnlaget for fagskuleutdanninga. Ei god politisk styring føreset meir kunnskap om sektoren enn det som er tilgjengeleg i dag. Gjennom etableringa av [DHB-Fagskolestatistikk](#) i 2011 vart det etablert ein felles offentleg database for sektoren, der sentral nøkkel- og styringsinformasjon er tilgjengeleg for alle. Denne basen dannar hovudgrunnlaget for den årlege [tilstandsrapporten](#) om fagskulesektoren frå Kunnskapsdepartementet. For å betre kunnskapsgrunnlaget om fagskulesektoren er det i tillegg, i følgje utvalet, nødvendig med regelmessige undersøkingar og evalueringar. Ved etablering av ny finansieringsordning, endring av organisasjonsform og eigarskap foreslår utvalet også at rapporteringsrutinane til Kunnskapsdepartementet vert endra.

Nasjonalt fagskoleråd skal mellom anna arbeide for å utvikle rammer og strategiar og for fagleg kvalitet og utvikling av fagskuleutdanningane. Rådet er rådgjevande, og er oppnemnt av

Kunnskapsdepartementet. *Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk*, Vox, har i dag eitt årsverk knytt til sekretariatsfunksjonen for Nasjonalt fagskoleråd. Grund-utvalet foreslår å etablere fem nasjonale fagråd, innanfor ulike fagområde, som skal gje råd til Nasjonalt Fagskoleråd, som vidare gir si tilråding om dimensjonering til Kunnskapsdepartementet. Departementet skal så fastsetje endeleg fordeling av studieplassar gjennom statsbudsjettet. For å få til dette er det, etter utvalet si vurdering, naudsynt å auke ressursane til Nasjonalt fagskoleråd med ei halv stilling per fagråd. Rogaland fylkeskommune driftar i dag *Nasjonalt opptakskontor for fagskoler*. Dersom fagskulane vert statlege forvaltningsorgan med særskilde fullmakter under Kunnskapsdepartementet rår utvalet til at staten også tar finansieringsansvaret for opptakskontoret. Vidare meiner utvalet at ein på sikt bør vurdere å leggje opptaket til fagskulane inn under *Felles studieadministrativt tenestesenter*, som forvaltar, utviklar, held ved like og driftar studieadministrative system og tenester til norske universitet og høgskular. Senteret er eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.

5. Vurderingar og konklusjon

Det er fylkesrådmannen si vurdering at NOU 2014:14 *Fagskolen et attraktivt utdanningsvalg* skildrar muligheiter og utfordringar for fagskuleutdanninga i dag, og at mange av dei føreslegne tiltaka vil kunne bidra til ein meir heilskapleg fagskulepolitikk.

Fagskulelova pålegg ikkje fylkeskommunen å drive fagskuletilbod sjølv, og fylkeskommunen kan såleis oppfylle krava i lova ved å finansiere private tilbydarar av fagskuleutdanning. Ei slik ordning vil kunne gje lågare kostnader enn dagens ordning, men vil samstundes, etter fylkesrådmannen si vurdering, kunne redusere nødvendige tilpassingar til lokale og regionale behov.

Fagskulen har ei viktig rolle som tilbydar av kompetanse til lokalt og regionalt arbeidsliv, og er såleis eit viktig verkemiddel for den regionale utviklinga som fylkeskommunen i dag har ansvaret for. Fylkesrådmannen meiner difor at eit folkevalt regionalt nivå kan bidra til større tilrettelegging og tilpassing av utdanningstilbodet på fagskulen enn eit statleg nivå. Den fylkeskommunale eigarskapen styrkjer arbeidslivstilknytninga, og ei overføring til statleg nivå vil etter fylkesrådmannen si vurdering i staden svekke dette.

Ein så kraftig reduksjon i tal fagskular som Grund-utvalet legg opp til vil etter fylkesrådmannen sitt syn redusere fagskulen si rolle som tilbydar av kompetanse tilpassa lokale og regionale behov. Dei fleste andre framlegga til tiltak i rapporten skal bidra til å styrke kvaliteten på og regulere styringa av fagskuleutdanninga. Fylkesrådmannen meiner desse tiltaka er nødvendige å gjennomføre, uavhengig av eigarnivå.

Fylkesrådmannen meiner ein elles burde gjort nærare vurderingar av dei føringar som ligg i gjeldande særlov. Kanskje er det eit visst poeng i at denne avgrensar fylkestinget sitt mynde til å fastetje vedtektene og til å gje budsjetttrammer.

Med bakgrunn i den økonomiske stoda for fylkeskommunen i åra framover har styret for fagskulen, i samsvar med vedtaket i finansutvalet 28.1.2015, fått i oppdrag å gjere greie for korleis ein kan drive fagskuleutdanninga innanfor ei årleg økonomisk ramme på 17,0 mill. kr (ein reduksjon på om lag 6,0 mill. kr i høve ramma i 2014) og på om lag 10 mill. kr (tilsvarande det statlege tilskotet), innan 1.4.2015.

Fylkesrådmannen veit av røynsle at det er svært utfordrande å tilpasse drifta av fagskulen til eit lågare nivå. Utfordringa blir ikkje mindre dersom fagskulen skal ha slagkraft til å endre/utvikle tilboda i tråd med behova i samfunnet. Det er difor grunn til å tru at tilpassing av drifta til ei lågare økonomisk ramme enn den skulen har i dag vil krevje store endringar i organisering og tilbod.

I 2014 utgjorde midlane i statsbudsjettet til fylkeskommunal finansiering av fagskulane om lag 396 mill.kr. Midlane er fordelte til fylkeskommunane utanfor utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Fylkeskommunane har over tid peika på både eit etterslep og ei underfinansiering av fagskuleutdanningane. Dei fleste fylkeskommunane har også prioritert å bruke meir midlar til drift av skulane enn det som er overført frå staten.

Fylkesrådmannen er samd i utvalet si tilråding om å endre og å styrke finansieringa av fagskuleutdanningane. Fylkesrådmannen vurderer ei finansiering etter modell tre som mest formålstenleg. Denne inneheld, som tidlegare omtalt, 3 komponentar: ei grunnløyving, ei resultatbasert løyving og utviklingsmidlar.

Fylkesrådmannen viser også til sak 06/15 i fylkesutvalet, om vedtektsendringar for fagskulen, der det er gjort greie for tilsynet frå NOKUT i 2014. Fagskulen i Sogn og Fjordane er i gang med å lukke desse avvika.

Ei kommune- og regionreform vart første gang presentert av regjeringa Solberg i Prop.95 S (2013-2014). Stortinget ga sin tilslutnad sommaren 2014, og eit fleirtal bad samstundes om at det parallelt vart gjennomført ein gjennomgang av oppgåvene til fylkeskommunane. Eit ekspertutval leia av Signy Vabo har mellom anna greidd ut føresetnader for å kunne overføre nye oppgåver til større og meir robuste kommunar, med auka makt og mynde. Utvalet leverte rapporten [Kriterier for god kommunestruktur](#) 1.12.2014. Utvalet tilrår 10 kriterium retta mot kommunane, og 2 retta mot staten, og gjer på sidene 9-18 greie for korleis ein kommune skal kunne ivareta roller og oppgåveløysing knytt til desse kriteria, ut frå samfunnsmessige omsyn.

Møreforskning har i rapporten [Alternativer for regionalt folkevalgt nivå](#) samanstillt og vurdert moglege modellar for eit regional folkevald nivå, ut frå tidlige utgreiingar om regional politisk organisering, funksjonar og oppgåver, krav til innbyggjartal og andre kriterium knytte til nivået mellom stat og kommune.

Ei arbeidsgruppe nedsett av fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet, leia av underteikna, har vurdert korleis noverande statlege og fylkeskommunale oppgåver kan forvaltast best mogleg med tre forvaltningsnivå. Rapporten [Oppgavefordelingen ved en kommune- og regionreform](#) låg føre i juni 2014. Arbeidsgruppa konkluderte med at ansvaret for fagskuleutdanninga framleis bør liggje til eit politisk mellomnivå, sjølv om det regionalpolitiske handlingsrommet er smalare enn for vidaregåande opplæring.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet tar sikte på å leggje fram ei stortingsmelding våren 2015, der oppgåvedelinga bør vurderast.

Det er som tidlegare nemnt fylkesrådmannen sitt syn at dei fleste tiltaka i NOU 2014:14 kan bidra til å gjere fagskuleutdanningane meir attraktive, og til å sikre betre finansiering og meir føreseielege rammer. Det er uansett ikkje rett å setje i gang ein prosess med å overføre ansvaret for fagskulane til staten no. Ansvaret for fagskuleutdanninga må sjåast i samheng med oppgåvefordelinga som skal liggje til grunn i kommune- og regionreforma. Ein reduksjon til mellom 5 og 9 fagskular vil svekkje fagskulane si nære tilknytning til arbeidslivet og lokalt og regionalt kompetansebehov, og vil etter fylkesrådmannen si vurdering vere i strid med formålet med fagskuleutdanninga.